



# NYTT UNDER STOREN 2-15

## Internavis for Luster kommune

### Gode medarbeidar.

Det stundar mot sommarferie. Etter ein fantastisk forsommar i fjor så er det eit stort samtaleemne i år at sommaren let vente på seg og sauene ikkje kjem til fjels då det framleis er masse snø i fjellet. Me har vore vitne til ein noko uvanleg vår og forsommar når det gjeld «ver og vind.»

Sjølv om det vart mykje snø å måke og brøyte i vinter så er den kommunale kvardagen meir vanleg, årvisst med faste gjeremål og aktivitetar i årshjulet til faste tider.

Den kommunale kvardagen går godt, ordinær og vanleg drift skal fungere frå dag til dag, og det er kjekt å registrere at dette stort sett går utan større problem.

Ein vesentleg føresetnad for dette er at me har god og tilstrekkeleg bemanning og stort sett så greier me dette på ein god måte. Denne våren har me og sett at me nær sagt til alle stillingar har fleire gode og velkvalifiserte søkarar. Det er svært positivt at mange er interessert i å jobbe i Luster kommune. I fleire tilsetjingar er det mange omsyn og vanskelege val, og det er eit leiaransvar å gjere dette på ein god måte med best mogeleg resultat.

Denne våren har me hatt fleire skifte innan skule og barnehage enn vanleg. Det ser no ut til at me får kabalane til å gå opp på ein god måte, på alle nivå, slik at me og er godt rusta til nytt skule- og barnehageår.

«Vær og vind» skifter fort og siste dagane kan vel gi håp om at me for fullt er på veg over i ein god sommarsperiode.

God sommar.



*Jarle Skarvå*

### Fullelektronisk arkiv, digital postflyt

All post til og frå kommunen, og sakshandsaminga i kommunen er me pliktige til å journalføre og arkivere. Hovudmengda av dokumenta vert journalført i kommunen sitt sakarkivsystem ESA.

Fram til i dag har dokumenta i tillegg vore arkiverte på papir. Me held no på med ein oppgradering av ESA, og legg då opp til at det meste av arkivet skal bli fullelektronisk, dvs. at me ikkje skal ta vare på papira.

Det gjer at våre interne rutinar også vil bli endra.

Sakarkivsystemet samhandlar også med andre system, mellom anna Visma. Me arbeider for at endå fleire system skal kunne samhandle med ESA, og at fleire tenester skal bli digitale for innbyggjarane våre. Får me til gode integrasjonar, kan det også forenkle vårt arbeid.

**Ny ESA skal etter planen vere på plass 2. november.**

Superbrukarar på arkivet og sakshandsamarar på personal og plan har vore på ei fyrste opplæring. No skal det vere ein testperiode framover på seinsommaren og tidleg haust. Me må vere vere sikre på at systemet er rett oppsett, mellom anna for å få rett dokumentflyt. Vidare må me også bli samde om kva rutinar som skal gjelde.

Me vil ha intern opplæring for alle sakshandsamarar i oktober, i veke 42 og 43.

### Digital kommunikasjon blir hovudregelen etter nyttår:

Frå februar 2016 skal kommunen kunne sende post til innbyggjarane digitalt, via eit register der me som innbyggjarar ligg inne med epostadresse. Som innbyggjar kan ein reservere seg mot digital post, og vil då få det tilsendt i vanleg postkasse.

Etter at nytt sakarkivsystem er på plass, vil me kople oss til ei slik digital postløsning.

### Økonomiutvikling - T1

Den økonomiske utviklinga i første tertial er negativ.

I høve budsjett og resultat tidlegare år er det utgiftssprekk i hovudsak på skatteinntekter, lønnsområde, innleige (snørydding) og eit par mindre feil/underbudsjettering. Tilsaman er det nærare 5 million kroner svakare enn same tidsrom i fjor.

Når det gjeld staten sitt opplegg for kommunesektoren så skal situasjonen etter revidert nasjonalbudsjett, med kompensasjon skatt/ramme, vere uendra. Stor nedgang i skatteinntekter lokalt i april og seinare i mai gjer oss tvilande til om kompensasjonen er tilstrekkeleg.

Det er imidlertid pluss på kommunen sine kapitalinntekter med verdistingning

på aksjefond og pensjonsrekninga vert truleg noko mindre enn budsjettert.

Det er og rådmann si vurdering at det er bra resultatprognosar på tiltakslista 2015, som gir oss innsparingar, og det er rimeleg god framdrift i utviklingsarbeid.

Investeringsprogrammet har nokre avvik både på framdrift og resultat.

Det er rådmann si vurdering at det bør vere mogeleg å forbetre resultat i eiga drift utover i året og det vert arbeid med prosessar for betring og realisering av gevinstar.

Slik sett så håpar me framleis å ha god kontroll over ein noko krevjande budsjettsituasjon.

# PERSONALNYTT

Byrja og slutta i Luster kommune,  
perioden 01.04.2015 - 31.05.2015

Velkomen!

Takk for innsatsen!

**Helse:**

Peter Kjær Nielsen – lege

**Helse:**

Truls Rogstad - lege

**Eigedom:**

Jarle Systad – ingeniør

**Luster sjukeheimsteneste:**

Målfrid Hilleren - assistent

**Luster heimeteneste:**

Margot Neset - miljøterapeut



Kom deg ut av godstolen  
og nyt naturen i Friluftslivets år

## Rådhuset - renovering, ei lita oppdatering

Renovering av rådhuset har vore på programmet nokre år. Fasaden, både mur og vindauga, er dårleg – noko av dette er svært dårleg. Bygget er og dårleg isolert.

Utbetringa som er planlagt har no vore ute på anbod. Resultatet er slik at me ikkje utan vidare kan gå vidare med arbeidet, då det er stort avvik mellom anbod og tilgjengeleg finansiering. Samla ser det ut til at oppgraderinga får ein svært høg kostnad og det er og kostbart å dele renoveringa i fleire byggjestege.

I lys av dette må me sjå på og revurdere renoveringsplanane. Er det anna måte å gjennomføre tiltaka på og/eller skal me vurdere delvis anna byggjemateriale ved oppattbygging.

Oppstart på prosjektet no over sommarferien kan derfor verte vanskeleg og det er mest truleg at ein ikkje kjem i gang før til våren 2016.

Prosjektet må handsamast vidare i budsjettarbeidet for 2016.

## Brukarundersøking Pleie og Omsorg:

Svarprosenten på årets brukarundersøking er lågare enn ønskjeleg, høvesvis 34 % og 27 % for brukarar heimetenesta og pårørande i sjukeheimstenesta.

Nedgangen er ein trend me har sett dei siste åra, og som ein lyt sjå nærara på.

**Resultat:**

**PLO Heimetenesta: Brukarar**

Svarprosent 34 %.

23 kommunar med i snittet for Norge

Dimensjon	Snitt Luster	Snitt Norge
Resultat for brukaren	5,5	5,1
Brukarmedverknad	5,0	4,4
Respektfull behandling	4,9	4,6
Tilgjengelegheit	5,4	4,9
Informasjon	5,2	4,8
Heilskapsvurdering	5,6	5,1
<b>Snitt totalt</b>	<b>5,2</b>	<b>4,8</b>

**PLO Sjukeheimstenesta: Bebuarar**

Svarprosent 100 %. (11 stk)

14 kommunar med i snittet for Norge

Dimensjon	Snitt Luster	Snitt Norge
Resultat for brukaren	4,9	5,1
Trivsel	4,9	5,4
Brukarmedverknad	4,2	4,8
Respektfull behandling	4,9	5,5
Tilgjengelegheit	4,6	4,9
Informasjon	4,6	4,8
Heilskapsvurdering	5,0	5,5
<b>Snitt totalt</b>	<b>4,7</b>	<b>5,1</b>

**PLO Sjukeheimstenesta: Pårørande**


Svarprosent 27 %

21 kommunar med i snittet for Norge

Dimensjon	Snitt Luster	Snitt Norge
Resultat for brukaren	4,4	4,3
Trivsel	5,0	4,8
Brukarmedverknad	3,1	4,1
Respektfull behandling	5,1	5,0
Tilgjengelegheit	4,1	4,5
Informasjon	4,1	4,3
Heilskapsvurdering	5,1	4,9
<b>Snitt totalt</b>	<b>4,4</b>	<b>4,6</b>

**Oppfølging:**

Einingsleiarane innan Pleie og omsorg vil som oppfølging ta ut ulike rapportar for si eining og analysere resultat og freiste å nytte det i vidare utviklingsarbeid innanfor tenestemråde.



## Utviklingsarbeid Pleie og Omsorg

I kommunen sitt budsjett for 2015 har kommunestyret vedteke følgjande:

*Det skal gjennomførast eit utgreiingsarbeid med gjennomgang og vurdering av det samla tenestetilbodet i pleie og omsorg. I dette ligg ein gjennomgang og vurdering av tenestetilboda på alle trinn i kommunen si helse- og omsorgstrapp. Fleire ulike alternativ skal utgreiast og drøftast. Økonomiplanen legg til grunn større innsparing. Formannskapet, ev. eigen mellombels komité skal vere styringsgruppe for arbeidet.*

Kommunestyret har seinare vedteke at formannskapet, utvida med ein representant frå kristeleg folkeparti – Oddny Urnes – skal vere styringsgruppe for arbeidet.

### Rådmannen har sett ned ei administrativ arbeidsgruppe med følgjande medlemmer:

- Rådmann Jarle Skartun
- Ass rådmann John Olaf Røhme
- Rådgjevar Margunn Hillestad
- Leiar Luster sjukeheimsteneste Kari O. Paulsen
- Leiar Luster heimeteneste Tone Kjærvik Kveane
- Nestleiar Luster heimeteneste Margrete Sørhoel Røneid
- Hovudtillitsvald Fagforbundet Mary Karin Sagerøy
- Hovudtillitsvald Norsk Sykepleierforbund Tone Thomassen

Arbeidsgruppa hadde sitt oppstartmøte fredag 10. april. Etter avklaring i styringsgruppa og arbeidsgruppa vart det tidleg konkludert med at fyrste steg i arbeidet var å få god kunnskap om status/no-situasjonen – og at ein skulle bruke ekstern hjelp for å få ei god objektiv vurdering med eit sikkert faktagrunnlag.

Ressursenteret for omstilling (RO) og RO sin rådgjevar Ingvar Rolstad vart deretter vald som ekstern rådgjevingshjelp.

### Hovudpunkta i bestillinga til RO var slik:

- Gjennomgang av aktuelle KOSTRA-tall med hovudvekt på prioriteringar, dekningsgrader og produktivitet – samanlikna med samanliknbare kommunar.
- Berekne befolkningsframskriving, aldersbæreevne og familieomsorgskoeffisient.
- Tenesteprofil og analyse av sjukeheimane.
- Vurdere eventuelle strukturkostnader.
- Vurdere framtidig bemannings- og kompetansebehov.
- Aktuelle tilrådingar.

Rådgjevar Ingvar Rolstad presenterte eit utkast til sin rapport i eit utvida møte med arbeidsgruppa og andre tilsette tysdag 19. mai. Onsdag 20. mai vart den same presentasjonen gjennomført for styringsgruppa

Den endelege rapporten frå RO/Ingvar Rolstad er snart ferdig og det er lagt opp til at den administrative arbeidsgruppa skal gå gjennom rapporten i sitt møte torsdag 25. juni.

Føremålet med denne eksterne vurderinga er å få god og faktabasert kunnskap om status/no-situasjonen – som igjen vert viktig for vurdering av framtidige val. Det vidare arbeidet vil gå parallelt med budsjettprosessen hausten 2015, og ein tek sikte på at ein i budsjettet for 2016 og økonomiplan 2016-2019 skal skildre aktuelle vegval og tiltak.

I tillegg til lokale vurderingar og føringar må ein i eit slikt arbeid ta omsyn til nasjonale føringar. I dette ligg vidare arbeid med

gjennomføring av samhandlingsreforma og nytt lovverk som kom i 2012 (m.a. ny folkehelselov). I tillegg har det nyleg kome ei ny og viktig stortingsmelding kalla Fremtidens primærhelseteneste – nærhet og helhet og regjeringa sin plan for omsorgsfeltet 2015 – 2020 (kalla omsorg 2020).

### I vurderinga av framtidige val for pleie- og omsorgstenestene i Luster må ein ha med:

- God kunnskap om no-situasjonen og forventa framtidige tenestebehov.
- Rekrutterings- og kompetansebehov.
- Økonomiske rammer/føresetnadar.
- Nasjonale krav og føringar.
- Gode døme frå samanliknbare kommunar.

Pleie- og omsorgstenesta i Luster har vore i kontinuerleg endring, der tenestetilbodet har vorte tilpassa behov og nasjonale føringar. Det siste døme på dette er etableringa av korttidsavdelinga og to augeblikkeleg hjelp senger som følgje av samhandlingsreforma.

### Kommunen si helse- og omsorgstrapp har følgjande nivå:

- Nivå 0: Grunnmuren – eit godt samfunn.
- Nivå 1: Heimeteneste i eigen heim.
- Nivå 2: Heimeteneste i omsorgsbustad eller omsorgsplass.
- Nivå 3: Heildøgns teneste i omsorgsbustad eller omsorgsplass (basisbemanning).
- Nivå 4: Tidsavgrensa opphald i korttidsavdeling og augeblikkeleg hjelp.
- Nivå 5: Langtidsopphald i sjukeheim.

Det er ingen tvil om at for å møte framtidige behov må ein ha gode tilbod på alle nivå, og ein innebygd fleksibilitet som gjer det mogleg med individuelle tilpassingar.

Samstundes vil det alltid vere eit spørsmål om den grunnleggjande innrettinga, satsingsområde og prioriteringar.

### I dette arbeidet er det «brei semje» om at:

- Førebyggjande arbeid og tiltak skal prioriterast på alle nivå.
- Dei fleste ynskjer å bu lengst mogleg i eigen heim eller bustad med tenester.
- Tenestene skal gjevast på det lågast/beste effektive omsorgsnivået (LEON).

I høve til utviklinga i kommunesektoren har Luster fortsett ein tenesteprofil med tung satsing på langtidsopphald i sjukeheim (nivå 5). Luster skil seg her frå andre kommunar som i større grad har satsa på omsorgsplassar eller –bustadar med tenester frå heimetenesta. Det vert her gjeve heildøgns pleie- og omsorgstenester og tenestenivået vert kontinuerleg tilpassa brukarane sine behov. Ei slik utvikling i Luster vil tilseie auka satsing på nivå 1, 2 og kanskje særleg nivå 3 i helse- og omsorgstrappa.

Luster har i sum mange rom i sjukeheimane og mange omsorgsbustadar med god geografisk spreing. Eit hovudspørsmål framover vert korleis dette gode bygningsmessige grunnlaget skal brukast/utnyttast for å i størst mogleg grad møte framtidige behov – på kort og lang sikt. I ei slik vurdering er det viktig med god kunnskap om framtidige behov, demografisk utvikling, tilgangen på arbeidskraft – og forventa økonomisk berekraft.

idebanken  
- for et arbeidsliv som inkluderer

HØYKONTRAST AA STØRRE SKRIFT

Innsikt Inspirasjon Kloke grep Søk...

Den norske modellen Aktiv Bedrift får fart på de ansatte Fyrstikkspill skaper dialog

Gå til Innsikt Gå til Inspirasjon Gå til Kloke grep



Idébanken.org er ein søkbar base av idear, inspirasjon og verktøy for bedrifter som vil bidra til eit inkluderande arbeidsliv.

[Lenkje til nettstaden Idebanken.org](http://Idebanken.org)

## IKT - tenestene og digitaliseringsgrad

Utviklinga innan IKT-område går fort. Det er klare nasjonale føringar og forventingar til kommunane, og eit hovudspørsmål er i kva grad dei kommunale tenestene er digitalisert.

Dette gjeld både i kontakten mellom kommunen og innbyggjarane, -politikarar og internt i kommuneorganisasjonen.

Kommunane sin interesseorganisasjon KS arbeider med dette gjennom eit program kalla KommIT. Ein del av programmet er tilbod om ekstern analyse av kommunane sin digitaliseringsgrad, og til dette arbeidet har dei nytta konsulentselskapet PA Consulting.

PA Consulting gjennomfører ein såkalla IKT-kostnads- og modenheitsanalyse for norske kommunar – og dei arbeider no med ein slik analyse av-/for Luster kommune.

Hovudområda i analysen er:



I perioden mai til medio juni vil PA-Consulting gjennomføre datainnsamling.

I dett ligg:

- Nettbasert spørjeundersøking til administrativt tilsette.
- Nettbasert spørjeundersøking til alle lærarar.
- Nettbasert spørjeundersøking til elevar på ungdomssteget.
- Innbyggjarundersøking.
- Utfylling av eit omfattande spørjeskjema.
- Innsending av aktuell dokumentasjon (planar, avtalar, budsjett, rekneskap mm.).

Denne datafangsten vil bli lagt til grunn for den analysen som PA Consulting skal gjennomføre.

Dei vil deretter utarbeide ein sluttrapport som vil bli presentert mot slutten av august. I denne vil og Luster kommune bli samanlikna med andre samanliknbare kommunar, under dette Sogndal kommune.

Rapporten som kjem mot slutten av august vil bli brukt i vidare utviklingsarbeid, der viktige val for det framtidige IKT-arbeidet i Luster kommune vil bli vurdert.

## Årshjulstiltak 2015



### Gjennomførte tiltak:

- Kostra rapportering
- Rekneskap og årsmelding (frå einingane)
- Leiardialogen
- Medarbeidarsamtalar
- Brukarundersøking PLO
- Rekneskap og årsmelding (rådmannen)
- Brukarundersøking Kulturskulen
- Brukarundersøking skule
- Tertialrapport T1

### Igangsette tiltak:

- Vernerunde (frå april)

### Komande tiltak:

- Tenestepan (juni)
- Tertialrapport T2 (august)
- Introduksjonsseminar (august)

## Introduksjonsseminar

28 august vil alle nye tilsette bli invitert til eit seminar på kommunestyresalen. Her vil mellom anna ordførar, rådmann og PO informere om kommunen som arbeidsgjevar. Personal og organisasjon (PO) vil sende ut invitasjon til dei det gjeld i forkant.

## Sjukefråvær i Luster kommune

